

Småstubbar frå Fet

Nybø-ungdomane frå Fet var kjende for å vere svært ”ordrame”, især han Sigurd. Her er nokre historier han har fortalt.

Supå

Nybø-Perry var ein god hoppar. På Fitjastølen var der ein fin hoppbakke der gutane brukte hoppe. I påska, og elles også, var det stor aktivitet i bakken. Ein dag gjekk det ikkje likare til enn at Perry ramla. Han kom nettopp frå middagsbordet. Då han røyste seg opp att etter fallet kom fylgjande: ”

- Det var supå som la seg burt i eine sidå.

-

Tissatrengd i svæva

Smågutane på Fet laga seg ein liten hoppbakke framom Bakkane. Her styra dei på heile dagane. Ein dag gjekk det ikkje så bra for han Jan Petter. Han vart ”trenge”, men det var ikkje så lett for ein liten kar med kjeledress og mykje kle. Då han kom heim fekk han skjenn av far sin.

- Ka du pappa ha gjort viss du vart tissatrengd i svæva, spurde Jan Petter.

Skuggjin

Nybø-Sigurd og Jørn-Jostein var på skitur til Blåtind som ligg ovanfor Sunndalen. Då dei skulle heim, kom dei på at dei skulle renne beint unda. Førret var godt og farta vart stor. Etter turen sa Sigurd:

- Øss fekk slik ei himla fart at øss rende frå skuggjin vår.

MARGIT FET